

FØRESEGN

FOR VALNEMNDA FOR IKA HORDALAND IKS

Vedteke av styret 19. februar 2017

Føresegna skal saman med reglane i IKS-lova, selskapsavtalen og føresegner vedteke av representantskapet liggje til grunn for valnemnda sitt arbeid.

1. Mandat

Valnemnda skal i samband med representantskapet sitt val av medlemmer og varamedlemmer til styret i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS foreslå kandidatar til desse verva, samt levere forslag til godtgjersle for desse. Valnemnda skal òg foreslå kandidatar til verva som leiar og nestleiar for representantskapet.

2. Valnemnda si samansetning

Valnemnda skal bestå av leiar samt to medlemmer frå representantskapet.¹ Virketida er den same som kommunestyreperioden..

3. Valnemnda sitt arbeid

Arbeidet skal tuftast på reglane i IKS lova samt selskapsavtalen og/eller føresegner vedteke av representantskapet. Utover dette set valnemnda sjølv rammene for sitt arbeid. Eksterne rådgjevarar kan kontaktast ved behov. Valnemnda sine utgifter skal dekkast av selskapet.

Oppgåva er å finne kandidatar som egner seg til styrearbeid, samt har den kompetansen som vert etterspurd i styret. Styrevervet skal vere personleg, og det er ikkje noko krav til organisatorisk eller geografisk tilhøyrse. Styre skal ha medlemmer og varamedlemmer i samsvar med selskapsavtalen.

Valnemnda skal syte for at styret med varamedlemmer har ei representativ samansetning med minimum 40% av kvart kjønn.

Vidare skal styremedlemmer og varamedlemmer veljast for to år. Vala skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer og eller varamedlemmer står på val kvart år.

Ved val av medlemmer til styret bør det leggjast vekt på:

- a) At kandidatane har formell kompetanse og/eller erfaring frå tidligare styrearbeid, kjennskap til offentlig administrasjon, næringsliv, politikk eller andre relevante miljø.
- b) At ein førebygger mulige habilitet og interessekonfliktar. Ein bør unngå å nominere ordførarar og/eller rådmenn frå eigarkommunar til leiande verv i styret. Ein bør òg unngå å nominere andre som har tette bindingar til verksemdar som Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS har eit nært samarbeid med og/eller kjøper tenester i frå.
- c) At kandidatane som føreslås til leiar og nestleiar har leiarerfaring, gode samarbeidsevner og godt omdømme. Leiar og nestleiar vert valt for 2 år om gongen.
- d) At alle kandidatane forstår rolla som styremedlem, og er kjende med kva ansvar som ligg på styremedlemmer i eit interkommunalt selskap, samt at ein er villig og innforstått med omfanget av arbeidet og ansvaret.

4. Leiar og nestleiar av representantskapet

Når det gjeld valnemnda si innstilling til verv som leiar og nestleiar av representantskapet, vert det vist til lov om interkommunale selskap § 6.

¹ jf. selskapsavtalen § 10.

5. Framgangsmåte

Nemnda skal starte sitt arbeid minst 3 månader før representantskapsmøte finn stad. Dagleg leiar skal då gje melding til valnemnda om å starte arbeidet .

Valnemnda skal i sitt arbeid kontakte representantskapsleiar, styreleiar og daglig leiar i selskapet for dialog rundt styrefunksjonen, behovet for kompetanse, eventuelle uttredenar og mogeleg attval.

Nemnda trer så saman og sender sitt forslag til selskapet seinast 6 veker før representantskapsmøtet skal finne stad. Nemnda legg sjølv fram si innstilling i representantskapsmøtet.

6. Endringar

Endringar i denne føresegna skal vedtakast av representantskapet.